



STATENS VEGVESEN

Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Saksbehandlar, innvalstelefon

Bjørn Loland, 38 17 62 23

Innspel til oppstart av reguleringsplan for Rv. 9 Frøysnes i Bygland kommune

Vi syner til brev av 30.10.2023 frå Statens Vegvesen med melding om oppstart av arbeid med å laga reguleringsplan for Rv. 9 Frøysnes i Bygland kommune. Vi ber om orsak for sein tilbakemelding.

Bakgrunn

Føremålet med planen er å leggje til rette for utbetring av Rv. 9 gjennom Frøysnes i Bygland kommune. Planområdet er del av prosjektet «Rv9 gul midtstripe Kristiansand – Hovden», og er siste etappe på dette prosjektet.

Innspel frå Statsforvaltaren

Statsforvalteren hadde møte om saken med representantar frå Statens Vegvesen den 02.05.2022. I desse møta vart det presentert ulike alternative linjeføringar gjennom Frøysnes. Statsforvaltaren kunne ikkje ta konkret stilling til linjene i dette møtet, men uttalte i møtet at alle linjene kunne ha konfliktpotensial med nasjonale og vesentlege regionale interesser.

Statsforvaltaren er kjend med at det er gjort avtale med grunneigarar på Frøysnes at det i den nordlege delen av Frøysnes skal planleggjast for fartsgrense 60 km/t, og Statsforvaltaren har inntrykk av at det er den «midtre» linja som vart presentert i møtet som er mest aktuell å gå vidare med i denne reguleringsplanen.

Dyrka jord er ein knapp ressurs, og jordbruksareal er under sterkt press i form av nedbygging og omdisponering til andre formål. Det har derfor den seinare tid vore ein stadig skjerping av jordvern hensynet for å unngå omdisponering av dyrka jord, inkludert fleire revideringar av nasjonal jordvernstrategi. Seinast 16. juni 2023 vedtok Stortinget ny nasjonal jordvernstrategi, der målet for omdisponering av dyrka jord vart skjerpa frå maksimalt 3000 dekar (målet frå 2021) til maks 2000 dekar per år. Målet skal nåast innan 2030.

Det siste jordvernbrevet vart utgjeven 23. mars 2022 frå Landbruks- og matdepartementet og Kommunal- og distriktsdepartementet til kommunar og fylkeskommunar. Dette tydeleggjer at bevaring av dyrka jord er ein nasjonal interesse. I brevet blir kommunen sin rolle i å føre ein streng jordvernpolitikk understreka, og det vert oppfordra til å ha ein nullvisjon for omdisponering.



Der dyrka jord vert råka av tiltaket, skal jordsmonnet sikrast ein forsvarleg gjenbruk i nærområdet, til matproduksjon. Vi tilrår at det utarbeidast ein plan for handtering av dyrka jord i samband med planarbeidet, og at det blir tatt inn i planens føresegn at dyrka jord skal takast i vare i samsvar med føringar i matjordplan.

Vi ber også om at det blir tatt med i planens føresegn at kommunens landbruksforvaltning skal involverast i prosessen med flytting av jordsmonn, samt leggje premissane for korleis dette gjennomførast innanfor ramma av matjordplanen.

Forslag til matjordplan skal følge med som del av høyringsgrunnlaget ved offentleg ettersyn av reguleringsplanen. Vi tilrår også at det blir sikra rettsleg at jordflyttinga skal vere gjennomført før det blir gitt ferdigstilling av tiltaket.

Konkret i den aktuelle saka så ser Statsforvaltaren det som sentrale føresetnader at ny veg leggjast «lett» i landskapet slik at skråningsutslag vert minst mogleg og at vegen mellom ny veg og «Nordigarden» vert tilbakeført til dyrka mark som kompensasjon for omdisponering og fragmentering av dyrka mark,

Utover dette ber vi om at følgjande blir vurderte og blir gjorde reie for i det vidare planarbeidet:

- Støy, sjå retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging T-1442/2021.
- Luftkvalitet, sjå retningslinje for behandling av luftkvalitet i arealplanlegging (T-1520/2012).
- Estetisk utforming/landskapsestetikk, jf. pbl. § 1-1 femte ledd.
- Universell utforming, jf. pbl. § 1-1 femte ledd.
- Risiko- og sårbarheitsanalyse. Resultatet frå analysen skal innarbeidast i plan og føresegn, jf. pbl. § 4-3. Rettleiaren «Samfunnstryggleik i arealplanlegginga til kommunen – metode for risiko- og sårbarheitsanalyse i planlegginga» (DSB/2017) blir anbefalt. Klimaendringar/klimatilpassing skal òg belysast i ROS-analysen, sjå i denne samanhengen m.a. www.klimatilpasning.no.
- Prinsippa i naturmangfaldslova §§ 8 til 12, jf. § 7.
- Vassforskrifta § 12.

Med helsing

Janne Thygesen (e.f.)
seniorrådgiver

Bjørn Loland
seniorrådgivar
Seksjon plan

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Bygland kommune

Kommunehuset

4745 BYGLAND



Agder fylkeskommune
Norges vassdrags- og energidirektorat

Postboks 788 Stoa
Postboks 5091, Majorstuen

4809 ARENDAL
0301 OSLO



STATENS VEGVESEN
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Dato: 06.12.2023
Vår ref: 23/24651-6
Deres ref:
Saksbeh.: Silje Utne Bjørke

Bygland kommune - Innspel til varsel om oppstart av planarbeid - Rv. 9 Frøysnes

Syner til oversending frå 27.10.23.

Føremålet med planen er å leggje til rette for økt trafikktryggleik og framkoma på strekninga ved Frøysnes i Bygland. Planområdet er totalt ca. 3,9 km målt langs eksisterande veg, og strekningen utan gul midtstripe er på 1,8 km. Vegen på strekninga har ein dårleg standard med varierende vegbreidde, ustabile vegkantar, manglande gul midtlinje og mykje kurvatur. Planområdet er på 510 dekar.

Fylkeskommunedirektøren har følgande innspel ved oppstart av planarbeidet:

Regionplan Agder 2030 har som mål at det er etablert miljøvenlege, effektive, sikre og universelt utforma mobilitetsløyningar. Som ein del av dette er det ynskeleg å realisere ein utbygging av rv.9 med gul midtstripe til Hovden. På bakgrunn av dette er fylkeskommunen positive til ein utbetring av rv.9.

Vi legg til grunn at alminnelege planomsyn til bli teke i vare i planarbeidet.

Dyrka mark

Frøysnes har ein del dyrka mark som ligg inntil dagens veglinje. Landbruksstrategi for Agder – verdiskaping gjennom jordbruk, skogbruk og øvrige næringer 2022-2024 (2022) har prioriterte satsingsområde som seier mellom anna at ein skal minimere nedbygging av dyrka jord. Eit av tiltaka som er satt er at ein skal prioritere jordvern i offentleg planarbeid og bevisstgjere om konsekvensen av nedbygging av dyrka jord. Dyrka mark er ein viktig nasjonal interesse, og fylkeskommunedirektøren er oppteke av å take i vare mest mogleg dyrka mark. Vi legg derfor til grunn at ein i det vidare planarbeid søker å finne ein vegtrase som i størst mogleg grad tek i vare omsynet til dyrka mark.

Innlandsfisk/vassforskrift

Det er eit mål at vurderingar etter vassforskrifta skal gjerast så tidleg som mogleg i ein planprosess. Tiltakshavar er ansvarleg for at nødvendige tiltak blir iverksett slik at vassførekomstane ikkje blir forringa, jf. Miljømåla i vassforskrifta § 4-7. Det må innhentast kunnskap om dagens tilstand, og grad av påverknad av nytt tiltak må talfestast og vurderast. Eventuelle tiltak i vatn/vassdrag vil kunne krevje løyve etter forskrift om fysiske tiltak i vassdrag.

Besøksadresse:
Tordenskjolds gate 65 4614
KRISTIANSAND S

Postadresse:
Postboks 788 Stoa, 4809 Arendal

Telefon:
+47 38 05 00 00

E-post:
postmottak@agderfk.no

Org.nr.:
921 707 134

Nettsted:
www.agderfk.no

Fylkeskommunen er mynde for vassdrag kor det ikkje er anadrom fisk (laks eller sjøaure).

Dersom planforslaget har tilstrekkeleg informasjon om tiltaket som syner at produksjonsmoglegheitene for fisk eller andre organismar som lev i vatn ikkje blir forringa, kan fylkeskommunen vurdere at sakshandsaming etter plan- og bygningslova erstattar søknadsbehandling etter forskrift om fysiske tiltak i vassdrag.

Kulturminne og kulturmiljø:

Det registrert en rekke eldre bygningar frå ulike tidsperiodar innanfor planområdet, jf. Riksantikvarens SEFRAK-registrer:

- Bygningar på Nordigard: våningshus fra 1800-tallet fjerde kvartal, stabbur fra begynnelsen av 1800-tallet, badstoge alder ukjent, men anses oppført før 1900-tallet
- Gardstun på Nedregarden: våningshus mogleg oppført i første kvartalet av 1700-tallet, og automatisk freda loft frå 1647
- Loftrom frå våningshus, Sonnenberg frå 1854
- Flohus (gamle stoga) på Solbakk, mogleg frå 1500-tallet
- Fritidsbustad på Solli, frå ca. 1840-tallet ifølge Asulv Frøysnes

Dessutan grenser planområdet til eit eldre gardstun på Storvodden: røykstove antakeleg frå 1600-tallet, våningshus (stågehus) frå første kvartal av 1800-tallet, stolpehus frå fjerde kvartal av 1800-tallet.

Når det gjeld arkeologiske kulturminne, er det kjent 3 uavklarte og eit automatisk freda:

- Ved Nordigarden: ID 70356, vikingtids sverd, 2 økser, spyd og bryne ble funnet på dette stedet. Gjenstandane kom for dagen da ein haug blei fjerna i forbindelse med bygging av ny låve før 1914.
- Mellom Nordigarden og Nedgarden er det gjort funn av eit spinnehjul ID 299867.
- På Lundarhalsen (neset ut i åraksfjorden) er det eit kjent sagn om at staden har vore offerplass for guden Frøy. Da det blei dyrka ytterst på denne odden, fant man flate steinheller, som var "bygd opp". ID76606.
- Mellom Nedgarden og Søndre Frøysnes, langs dagens veg blei det registrert tre fossile dyrkingslag med forskjellige dateringer, som strekker seg fra AD 545-880 (tidlig merovingertid til tidlig vikingtid). ID er det gjort funn av eit spinnehjul ID 139346.

Vi har følgende innspel til det vidare planarbeidet:

Planområdet er ikkje arkeologisk registrert, med unntak av eit lite stykke langs vegen frå Nedgarden og sørover, i forbindelse med bygging av gangfelt 2011/12. Vi vurderer at det er stort potensiale for konflikt med fleire automatisk freda kulturminne under marken. Dette gjeld spesielt frå dagens riksveg og austover mot fjorden.

Det er nødvendig med ein arkeologisk registrering for å avklare forholdet til automatisk freda kulturminne, jf. undersøkelsesplikten etter kulturminnelova § 9. Før endeleg fråsegn kan bli gitt. Kostnadene med registreringa beres av tiltakshavar.

Fylkeskommunedirektøren viser også til statens vegvesen sin e-post av 22.11.2023 kor man allereie ønsker å bestille ein arkeologisk registrering så tidleg som mogleg samt ønsker til eit dialogmøte med kulturminnevernet.

Det vil bli utarbeidd eit kostnadsoverslag og prosjektplan som vil bli sendt til tiltakshavar for godkjenning i eige brev. Vi vil gjere dykk merksam på at undersøkelsesplikta etter kulturminnelova §9 formelt trer i kraft når planen blir lagt ut til offentlig ettersyn etter plan- og bygningslova § 12-10. For å få til ein mest mogleg føreseieleg planprosess anbefaler vi at dei

arkeologiske registreringane foretast så tidleg som mogleg - og da i meldingsfasen.

Planområdet går også ut i fjorden, så meldinga om oppstart av planarbeidet har også blitt sendt til Norsk maritimt museum. Med unntak av ID 289787 er det ikkje registrert kulturminne under vatn her. Museet ber om å bli heldt oppdatert i planarbeidet, men har ingen merknad til varsel om oppstart.

I det vidare planarbeidet må det takast særleg omsyn til bevaring av enkle objekt og kulturmiljø innanfor planområdet:

- Vedrørende Nordigard (gnr/bnr 18/1, 2): Gården er første gang omtalt i 1597 som eige gardsbruk. Tunet har derfor sannsynlegvis vore i same område som i dag sidan tidleg på 1600-tallet. Opphavleg bestod tunet av åtte bygg, men det er berre fire bygg som står igjen. Det eldre våningshuset har sannsynleg stått på ein liten flate nord-øst for noverande hovudhus på eiegen. Våningshuset er oppført i 1953-54, med eldste del bygd med materialar frå 1668. Loftet er ein typisk bygning frå den store «byggeboomen» i Setesdal på 1600-tallet. Det blei flytta til noverande plassering i samband med ein relativt omfattande utbetring rundt 1985. Løe er frå 1914, og badstue er frå 1800-tallet. Tunet med tilhøyrande hage- og landbruksareal vurderast til å ha verneverdi i seg sjølv, og som del av det større kulturlandskapet på Frøysnes.

Det er ønskeleg frå vår side at Nordigarden blir bevart på staden (inkl. tun og innmark). Vi er skeptiske til ein vegtrase som vil kunne komme i konflikt med tunet. Vi meiner at tunet ikkje kan rivast og heller ikkje flyttast.

- Vedrørende Nedgarden (gnr/bnr 18/5): Gårdstunplasseringa er frå før 1803. Da var det ombygging på garden. Loftet stod den gangen vegg i vegg med våningshuset, men blei da flyttet framfor uthusa for å gi plass til ei ny stue i forlenging av den gamle. Våningshuset er av tradisjonell Setesdalstype med «Mandalsk» stueform. Det består bl.a. av en gamlestog (den nedre stue) som skal være frå 1701, og nyestog oppført i 1803. Nyestog er innredet med et tradisjonelt «nyestoginteriør», såkalt «skap og kvile». Loft som stod opphavleg saman med hovudhuset i en rekke er frå 1647, og er automatisk freda etter kulturminnelova §4.3 (freding av byggverk 1537-1649). Dagens uthus ble oppført i 1912, og stod tidlegare i rekke med fleire eldre uthus, som ble revet på 1980-90-tallet.

Vi vurderer gardstunet med omkringliggende kulturmiljø til å ha særleg høy verneverdi. Vi meiner at en ny vegtrase aust for tunet ikkje er aktuelt. Ny vegtrase må unngå konflikt med dette kulturmiljøet, dvs. Nedgardens tunet, og innmark mot elva.

- Vedrørende Solli (gnr/bnr 18/7): Eiegen er ein eldre husmannsplass frå midten av 1800-tallet. Bustaden på eiegen er eit laftebygg frå 1920-tallet. Bak bustaden ligger ein fritidsbustad frå 1977-78. Den har tømmerdeler som har vore brukt fleire gangar. Først i 1840-åra som ein del av eit kontorbygg på koparverket i Åraksbø. Huset blei flytta til Frøysnes på 1850-åra, og innlemma i nytt hus på Sonnenberg. Dette huset ble revet i 1977, og tømmer ble igjen brukt om igjen ved oppføring av den aktuelle fritidsbustaden på Solli. Vi vurderer bygningen til å ha relativt liten verneverdi i seg sjølv, men høgare verdi som en del av bygdas sørlege busetning.

Om traseen vil råke ved denne fritidsbustaden må forslagsstillar utarbeide ein fagvurdering av bygningens autensitet, plassering i kulturmiljøet og de konsekvensane for bygningen/miljøet ved eventuelt flytting av bygningen. Vi legg til grunn at avbøtande tiltak blir teke med reguleringsarbeidet. Som avbøtande tiltak, meiner vi mellom anna å flytte hytta til, for eksempel, eiegen sitt gardstun langs eksisterande riksveg 9.

- Dagens riksveg følger traseen for postvegen som ble anlagt i 1840-årene. Ved Vråstad, Solli og Solbakk er det anlagt forstøtningsmurer i naturstein på innsida av vegen. Bekkene som kryssar under vegen i stikkrenner oppbygd med naturstein. I eigedomsgrensa mellom bl.a. Vråstad, Solbakk og Haugevodd går det steingjerde.

Vi ber om at det blir føreteke ein detaljert gjennomgang av disse konstruksjonane. Forslagsstillar oppfordrast til å sjå på moglegheita å take i vare disse i mest mogleg grad.

Bygda er eit samanhengande bygningsmiljø langs tidlegare postveg (eksisterande Rv9) som består av forskjellige typar av bygningar av ulike alder og funksjon. Miljøet viser mellom anna utviklinga i bygda frå mellomalder og fram til i dag. Vi vurderer at totalt har miljøet høg verneverdi.

Vi ber at samanhengande miljø langs eksisterande riksveg, samt Nordigarden blir regulert i plankartet med omsynssone bevaring kulturmiljø (H570).

Bevaringsverdige kulturmiljø sikrast både i arealplankart og føresegn. Det må utarbeidast klare føringar for plassering, materialval og utforming av nye bygg samt riving/ending/flytting av eksisterande bygg.

Vi vil gjerne hjelpe med vurdering av avgrensinga av omsynssone samt med utarbeiding av føresegn knytt til H570. Føresegna for omsynssone bevaring må ha krav om at alle bygge/rivesøknader blir sendt til vernemyndigheitene for uttale, dette gjelder også ombygging ved eventuelt bruksending til nye bruk.

Med helsing

Ingvild Nina Skjong
avdelingsleiar
Plan

Silje Utne Bjørke
rådgjevar
Plan

Brevet er godkjent elektronisk.

Kopi til: STATSFORVALTEREN I AGDER

Statens vegvesen
Postboks 1010 Nordre Ål
2606 LILLEHAMMER

Deres ref:
Vår ref: 2023/232647
Dato: 11.12.2023
Org.nr: 985 399 077

Statens tilsyn for planter, fisk, dyr og næringsmidler



RV 9 FRØYSNES, REGULERINGSPLAN – MATTILSYNETS INNSPILL TIL VARSEL OM OPPSTART AV DETALJREGULERING AV RV. 9 FRØYSNES

Viser til varsel om oppstart av detaljregulering av rv. 9 ved Frøysnes, mottatt fra Statens vegvesen 27. Oktober 2023.

Prosjektet er en del av prosjektet «Rv9 gul midtstripe Kristiansand-Hovden». Rv 9 Frøysnes er den siste etappen på dette prosjektet. Planområdet er på ~510 daa og vegstrekningen som skal utbedres er totalt ca. 3,9 kilometer målt langs eksisterende veg.

Mattilsynet er sektormyndighet for å ivareta nasjonale og regionale bestemmelser og føringer i plansaker som berører Mattilsynets forvaltningsområde. I denne planen er temaene drikkevannsforsyning og plantehelse relevante.

Drikkevann

Mattilsynet forvalter drikkevannsforskriften (forskrift om vannforsyning og drikkevann FOR-2016-12-22-1868). Vårt ansvarsområde i forhold til planarbeid er knyttet til beskyttelse av eksisterende og framtidige drikkevannskilder og leveringssikkerhet for trygt og nok drikkevann til innbyggerne.

Mattilsynets innspill til planene med hensyn til drikkevann:

Det er viktig å beskytte drikkevannskildene våre mot forurensning, både på kort og lang sikt. Enhver aktivitet i nærheten av en drikkevannskilde utgjør en fare for forurensning.

I anleggsfasen av et vegprosjekt vil avrenning og tilførsler av partikulært materiale til drikkevannskilder være en sentral problemstilling, spesielt ved etablering av fyllinger i vann. Det forutsettes dessuten sikring mot at fyllmasser ikke består av sulfidholdige bergarter. I tillegg vil nitrogen fra sprengstoffrester, avrenning av organisk materiale etter fjerning av vegetasjon/skog og uhells spill av drivstoff og oljeprodukter fra anleggsmaskiner være mulige kilder til forurensning. Disse forurensningene vil ha ulik negativ effekt på råvannskvaliteten både på kort og noe lengre sikt.

Temaet vannforsyning er ikke nevnt i mottatt dokumentasjon, verken i varsel om oppstart eller i referat fra oppstartsmøte.

Vegstrekingen som skal utbedres ligger langs vestsiden av Åraksfjorden/ Byglandsfjorden. Flere vannverk har inntak av vann fra Åraksfjorden/ Byglandsfjorden. Vegprosjektet berører ikke nedslagsfeltet/ hensynssoner til disse vannverkene direkte, men en vesentlig forverring av vannkvaliteten i forbindelse med anleggsfasen vil kunne påvirke drikkevannsforsyningen til de vannverkene som tar vann fra fjorden. Det er derfor viktig at det planlegges tiltak for å beskytte fjorden mot forurensning av vannet i anleggsfasen.

Vegstrekingen går også gjennom grenda Frøysnes med hus/ bygninger tett inntil, og på begge sider, av vegen. Vi er ikke kjent med hvilken vannforsyning grenda har, om det er privat eller kommunalt. I videre planarbeid må det kartlegges om vannforsyning til eksisterende bebyggelse kan bli berørt i forbindelse med utbyggingen. Dere må sørge for å beskytte disse mot negativ påvirkning i videre planarbeid, både med hensyn til forurensningsfare og med hensyn til leveringssikkerhet/ vannkapasitet.

Plantehelse

Mattilsynet forvalter plantehelseforskriften (Forskrift om planter og tiltak mot planteskadegjørere FOR-2000-12-01-1333.). I forbindelse med plantehelse er Mattilsynets ansvarsområde å forhindre spredning av planteskadegjørere som kan ha alvorlige samfunnsøkonomiske konsekvenser.

Mattilsynets innspill til planene knyttet til plantehelse:

Uønsket spredning av planteskadegjørere kan skje både med jordmasser som flyttes og med maskiner med rester av jord, frø og planter. Faren for spredning er størst fra områder med tidligere eller nåværende dyrka mark.

Det står ingenting i mottatt dokumentasjon om planene innebærer flytting av jordmasser. Hvis dette er tilfelle, ber vi dere lese denne informasjonen og ta hensyn til dette i videre planarbeid:

https://www.mattilsynet.no/planter_og_dyrking/planteskadegjorere/floghavre/risiko_for_spredning_av_planteskadegjorere_og_floghavre_i_forbindelse_med_anleggsarbeid.22145

Med hilsen
Nina Merete Vehus
Avdelingssjef
Mattilsynet Avdeling Agder

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og sendes uten signatur.
Dokumenter som må ha signatur blir i tillegg sendt i papirversjon.*

STATENS VEGVESEN
Postboks 1010
2605 LILLEHAMMER

Vår dato: 03.01.2024
Vår ref.: 202318334-4 Oppgi ved kontakt
Dykkar ref.: 23/58827 - 10

Sakshandsamar: Astrid Flatøy,
22959768, asfl@nve.no

NVEs innspel - Varsel om oppstart - Detaljreguleringsplan for Rv 9 Frøysnes - Bygland kommune

Vi viser til brev datert 30.10.2023. Saka gjeld varsel om oppstart av arbeid med Detaljreguleringsplan for Rv 9 Frøysnes. Føremålet med planarbeidet er å oppgradere Rv 9 ved Frøysnes.

Om NVE

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonalt sektormynd med motsegnkompetanse innanfor saksområda flaum-, erosjon- og skredfare, allmenne interesser i vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE har også ansvar for å hjelpe kommunane med å forebygge skader frå overvatn gjennom kunnskap om avrenning i tettbygde strøk (urbanhydrologi). NVE gir råd og rettleiing om korleis desse saksområda skal takast omsyn til ved utarbeiding av arealplanar etter plan- og bygningslova (pbl.).

NVEs innspel

Flaum

NVEs temakart, [NVE Atlas](#) og [kartbasert rettleiing for reguleringsplan nr. 6](#), viser at fleire vassdrag kryssar planområdet, og at disse er markert som aktsemdområde for flaum. Reell fare for flaum må vere avklart og tryggleiken dokumentert, jf. aktuell sikkerheitsklasse i TEK17 § 7-2, før planen blir vedteken. Flaumfaren må bli vurdert av fagkunnig. For rettleiing om krav til kompetanse, bestilling og utføring av flaumutgreiing viser vi til NVE-rettleiar 3/2022 [Sikkerhet mot flom](#) og NVE-rettleiar 1/2022 [Veileder for flomberegninger](#).

Vassvegar må kryssast med god nok kapasitet, slik at faren for flaum, erosjon og skred ikkje aukar.

Aktsemdkartet viser òg at det er aktsemdområde flaum frå Åraksfjorden, men her har Bygland kommune flaumsonekart frå 2022 som kan nyttast.



Omsyn til vassdrag og kantvegetasjon

For tiltak nært vassdrag, må ein vurdere om omsyn til vassdrag og vassdragsverdiar er teken i vare. Det gjeld ei generell aktsemdplikt for tiltak i vassdrag (vassressurslova § 5), som inneber at alle skal opptre aktsamt for å unngå skade eller ulempe i vassdraget for allmenne eller private interesser.

I saker der samferdselsanlegg medfører tiltak i og ved vassdrag, må verknadane av tiltaket greiast ut, og omsynet til vassdraget ivaretakast. Anlegga bør unngå utfylling i vatn og vassnære områder.

Langs breidda av vassdrag med årsikker vassføring, skal det oppretthaldast eit avgrensa naturleg vegetasjonsbelte som motverkar avrenning og gir levestad for plantar og dyr (vassressurslova § 11). Vi viser til NVEs rettleiar 2/2019 om [kantvegetasjon langs vassdrag](#).

Skred i bratt terreng

[NVE Atlas](#) og NVEs [kartbaserte rettleiing for reguleringsplan nr. 9](#), viser at store deler av planområdet ligg innanfor aktsemdområde for snøskred, steinsprang og jord- og flaumskred. Reell fare for skred må vere avklart og tryggleiken dokumentert, jf. aktuell sikkerheitsklasse i TEK17 § 7-3, før planen blir vedteken.

Skredfaren må vurderast av fagkyndig, og alle skredtypar må vurderast. For rettleiing om krav til kompetanse, bestilling og utføring av skredutgreiing, viser vi til [NVEs digitale rettleiar om utredning av skredfare i bratt terreng](#).

Generelle råd

For å få eit fullstendig oversyn over korleis de kan ta omsyn til våre tema i reguleringsplanen rår vi dykk til å nytte våre [internettsider for arealplanlegging](#). Der er informasjonen og rettleiinga lagt opp etter plannivå. Vi vil særleg vise til [Kartbasert rettleiar for reguleringsplan](#). Rettleiaren leier dykk gjennom alle våre fagområde, og gir dykk verktøy og innspel til planarbeidet. Den som utarbeider planen har ansvar for at desse interessene blir vurdert i planarbeidet.

NVEs oppfølging av planarbeidet

Dersom planen rører ved NVEs saksområde, skal vi ha tilsendt planen ved offentleg ettersyn. I plandokumenta må det gå tydeleg fram korleis dei ulike interessene er vurdert og innarbeidd i planen. Det er viktig at alle relevante fagutgreiingar innan NVEs saksområde er vedlagt. Vi ber om at alle plandokument blir sendt elektronisk til oss. NVE prioriterer å gi innspel og uttale til reguleringsplanar der det vert bede om fagleg hjelp til konkrete problemstillingar. Etter ei fagleg prioritering gir vi hjelp til dei kommunane som har størst behov.

Ta gjerne kontakt på e-post eller telefon ved konkrete spørsmål om NVEs saksområde.



Med helsing

Øyvind Leirset
seksjonssjef

Astrid Flatøy
seniorrådgivar

Dokumentet blir sendt utan underskrift. Det er godkjend etter interne rutinar.

Mottakarar:
STATENS VEGVESEN

Kopimottakarar:
Bygland kommune



STATENS VEGVESEN
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Vår ref.:
2023/669-4

Sakshandsamar:
Inger Siri Lidi
inger.siri.lidi@bygland.kommune.no

Dato
06.12.2023

MELDING OM VEDTAK

"Rv.9 Frøysnes, reguleringsplan"

Vedlagt følger Plan-, miljø og ressursutvalet sin merknad til varsel om oppstart av planarbeid som vart handsama i møte 05.12.2023.

Klagerett

Vedtaket kan klagast over til kommunen. Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen då brevet kom fram til påført adressat. Det er tilstrekkeleg at klaga er postlagt innan fristen, jfr. Forvaltningsloven §§ 28 og 29.

Klaga skal sendast skriftleg til den som har gjort vedtaket, oppgje vedtaket det blir klaga over, den eller dei endringar som ein ønskjer, og dei grunnar du vil påpeike for klaga jfr. Forvaltningsloven § 32. Dersom du klager så seint at det kan vere uklart for oss om du har klaga i rett tid, bør du også oppgje når denne meldinga kjem fram. Sakshandsaming i klagesaker følger §§ 28-36 i Forvaltningslova.

Med helsing
Bygland kommune

Inger Siri Lidi
Ingeniør

1 Saksframlegg med vedtak



Saksmappe: 2023/669
Sakshandsamar: ISL
Dato: 27.11.2023

SAKSFRAMLEGG

Utv.saksnr	Utvalg	Møtedato
106/23	Plan, miljø- og ressursutvalet	05.12.2023

Varsel om oppstart av planarbeid - Rv. 9 Frøysnes

Kommunedirektøren si innstilling:

Bygland kommune er positive til framlagde oppstart av planarbeid om ny detaljregulering av rv. 9 gjennom Frøysnes.

Plan, miljø- og ressursutvalet si handsaming av sak 106/2023 i møte den 05.12.2023:

Handsaming:

Endringsframlegg frå utvalsleiar

Sidan det ikkje er lagt opp til planprogram for val av vegline m.m. og det ikkje er definert vegline i Statens Vegvesen si melding om oppstart av detaljregulering, ynskjer PMR å komme med fylgjande merknader til planarbeidet:

PMR ber om at ny veg blir planlagt nær eksisterande RV9 (alternativ "midt i") med fartsgrense 60 km/t i den nordlege delen i tråd med tidligare inngåtte avtale.

Veg og sideterreng må planleggast på ein slik måte at det medfører minst mogleg tap av jordbruksareal, minst mogleg ulemper for jord og skogbruk samt i størst mogleg grad bevarer bygdas kulturlandskap og heilhet.

Utifrå dette ser PMR at planforslag med andre traseer enn overnevnte «midt i» med 60 sone i større grad vil utfordre desse målsetningene.

Dei delane av eksisterande veg som i framtida ikkje vil vere til nytte som veg, skal gjerast om til jordbruksareal, fortrinnsvis til fulldyrka mark i samråd med grunneigar.

PMR ber om at geologiske undersøkingar vert gjort på ein slik måte at desse kan leggast til grunn for handsaming av byggesøknader for bustader og andre bygningar på Frøysnes.

Dette som kompenserende tiltak for at bygda må omstille seg med ny vegtrasé.

For å sikre brei medverknad under arbeidet med reguleringsplanen ber PMR om at det vert oppretta ei styringsgruppe med leiar av PMR, administrasjon, representantar frå grunneigarane og planleggingsleiar /eventuelt andre frå Statens Vegvesen.

Røysting over endringsframlegget til utvalsleiar opp mot kommunedirektøren si innstilling
Endringsframlegget fekk 2 røyster(SP/AP) og vart ikkje vedteken

Vedtak:

Bygland kommune er positive til framlagde oppstart av planarbeid om ny detaljregulering av rv. 9 gjennom Frøysnes.

SAKSUTGREIING

Saksvedlegg

Vedlegg:

- 1 Varselbrev om oppstart.PDF
- 2 Rv. 9 Frøysnes - kunngjeringskart per 01.11.23.PDF
- 3 Referat - oppstartsmøte RV9 Frøysnes.PDF

Bakgrunn for saka

Statens vegvesen har meldt oppstart av planarbeid på rv. 9 gjennom Frøysnes.

Prosjektet er ein del av «Rv. 9 gul midtstripe Kristiansand – Hovden». Bygdelaget Frøysnes er den siste parsellen av rv. 9 som står igjen av dette prosjektet. Dagens standard er dårleg med varierende vegbreidde, ustabile vegkantar, manglande gul midtline og mykje vegkurvatur. Føremålet med planen er difor å auke trafikktryggleiken og framkoma ved Frøysnes.

Frist for å kome med merknader er i varselet sett til 13.12.2023.

Formelt grunnlag

Plan- og bygningslova § 12-8

Vurderingar og konsekvensar

I kommuneplanen sin arealdel er ikkje veggrunnen til rv. 9 regulert med offentleg vegføremål, det er berre senter vegline som er markert i plankartet. Utføring av større tiltak utanføre veggrunn og i LNF-område må difor avklarast gjennom ein godkjent reguleringsplan. Planområdet vil strekke seg 3,9 km målt langs eksisterande veg og vil råke delar av strandoneplanen ved Frøysnes som er avsett til LNF-føremål, bruk og vern av sjø og vassdrag samt omsynssoner H310 ras- og skredfare, H320 flaumfare, H560 bevaring naturmiljø og H570 bevaring kulturmiljø.

I førekant av planoppstart skal det vere halden førehandskonferanse/oppstartsmøte mellom tiltakshavar og Bygland kommune som planmynde der tiltak, tema og liknande vert diskutert.

Førehandskonferanse/oppstartsmøte mellom Statens vegvesen og sakshandsamarar i kommuneadministrasjonen vart halden 14.09.2023. På dette møtet vart det foreløpig konkludert med at tiltenkt tiltak ikkje vil gi vesentleg verknad for miljø og samfunn og at planarbeidet ikkje utløyser krav om full konsekvensutgreiing i høve plan- og bygningslova. Statens vegvesen vil utarbeide/belyse ulike fagtema som vil vere naudsynt for det vidare planarbeidet i planomtalen og eventuelle fagrapportar. Sjå ellers grunngjeving frå møtereferatet i utklippet under.

Grunngjeving frå planlegger:

Basert på den informasjon som foreligger i og ved planområdet, vurderes planen å komme i konflikt med forskriftens §10, tredje ledd bokstav a om automatisk freda kulturminner, og planen vurderes å få vesentlige virkning for dette tema. Det er behov for konsekvensutredning av kulturminner i henhold til §8. Planer og tiltak etter §8 skal konsekvensutredes hvis de kan få vesentlige virkninger etter § 10, men ikke ha planprogram eller melding.

Statens vegvesen kan, etter en samlet vurdering, ikke se at planen kommer i konflikt med øvrige forhold i forskriftens §10, og planen vurderes ikke å få vesentlige virkninger for miljø og samfunn for disse tema. Vi ser derfor ikke at det er behov for konsekvensutredning i henhold til § 8 for disse tema. De tema som er omtalt over og som ikke krever konsekvensutredning vil i stor grad likefullt bli belyst gjennom den ordinære saksbehandlingen av reguleringsplanen, og omtalt i planbeskrivelsen.

Grunngjeving frå kommunen:

Kommunen er samd i planleggaren sin vurdering.

Figur 1. Utklipp av møterefateratet frå førehandskonferansen.

Kommunedirektøren har førebels ikkje andre eller ytterlegare merknader enn det som kom fram under førehandskonferansen/oppstartsmøte, og har difor ikkje merknadar til varselet om planoppstart.

Bygland, **14.11.2023**

Kommunedirektør

Fra: "Roald Tveit" <Roald.Tveit@glitrenett.no>
Sendt: mandag 20. november 2023 10:37:12
Til: "Firmapost" <Firmapost@vegvesen.no>
Emne: Rv 9 Frøysnes, reguleringsplan


Protected - Kraftsensitiv informasjon iht. KBF § 6-2

Hei!

Angående oppstart av detaljregulering av RV 9 ved Frøysnes i Bygland kommune.

Glitre Nett har lavspentlinjer/kabler i det aktuelle området som det må tas hensyn til!

På vedlagt kart er dette marker med blå heltrukket linje for 230V luftlinje, blå stiplet for 230V kabel samt fiolett heltrukket linje for 1000V.



Er det behov for ytterligere avklaring/utredning/bestilling må henvendelsen gå via vår hjemmeside www.aenett.no.

Link til bestillingsskjema : <https://www.aenett.no/bygge-og-grave/tilknytning-til-nett/nytilknytning-storre-anleg/skiema-for-tilknytning-storre-anlegg/>

Med vennlig hilsen/Best regards,

Roald Tveit

Prosjektingeniør

+4791673448

Glitre Nett AS

www.glitrenett.no



Protected - Kraftsensitiv informasjon iht. KBF § 6-2

Fra: "gunnar.hangeland@vabb.no" <gunnar.hangeland@vabb.no>
Sendt: søndag 17. desember 2023 21:55:53
Til: "Firmapost" <Firmapost@vegvesen.no>; "Jon Olav Upsal"
<jon.olav.upsal@vegvesen.no>
Emne: Plan R 9 Frøysnes Bygland Kommune
Vedlegg: Riksvei 9 FRØYSNES2.pdf

Vi viser til Planarbeid R 9 Frøysnes i Bygland kommune. Vi vedlegger uttalelse fra Jordvern Agder

Jordvern Agder
Gunnar Hangeland
leder

Riksvei 9 FRØYSNES -Oppstart av planarbeid

Vi vil med dette komme med innspill til planarbeidet.

Bygda Frøysnes som ligger inntil RV 9 er ei bygd med lange kultur- og landbrukstradisjoner. Her finner vi verneverdig bebyggelse som er flere hundre år gammel. Det er variert vegetasjon, også varmekrevende vekster på grunn av de lune forholdene med knausen i nord.. Her er et særegent kulturlandskap med dyrket mark fra lia og ned mot fjorden Dette landskapet er skjøttet av bønder i generasjoner og fremstår i dag som en naturopplevelse. Ikke minst for alle som ferdes opp og ned i dalen. Det er derfor meget viktig å ta vare på disse kultur- og landbruksverdiene for fremtidige generasjoner.

Dyrket mark.

I forbindelse med planarbeidet er det særlig viktig å ta vare på dyrket mark. Regjeringen har skjerpet inn jordvernpolitikken. Regjeringen har også gitt retningslinjer om at jordvern skal ha fortrinn i all offentlig planlegging. Totalberedskapskommisjonen har pekt på at det er veldig viktig å ta vare på Norges matjord. Vi har bare 3% dyrket mark, og det er meget lavt sammenliknet med andre land. Riksrevisjonen har nylig pekt på at dyrket mark må tas vare på av beredskapshensyn. Dagens bønder på Frøysnes er meget dyktige til å ta vare på matjorda og kulturlandskapet. Det drives aktiv beiting med storfe og sau som innebærer at uønsket vegetasjon blir holdt nede. Landskapet fremstår som en naturopplevelse for folk flest. Dagens drift medfører at det er behov for mer jord enn det som er på Frøysnes. En nedbygging av jord vil kunne få svært negative konsekvenser for gårdsdriften.

Konklusjon.

Frøysnes representerer store kultur- og jordbruksverdier i et tradisjonsrikt dalføre. Gjennom bygda er det liten plass til ny vei. Vi vil anbefale å la ny RV 9 få en trase med standard og kurvatur slik at den følger dagens trasé i størst mulig grad. Nord i bygda kan ikke veien bygges mot lia eller mot fjorden uten at dette får alt for store konsekvenser for kulturlandskap og jordbruk.

Vi vil foreslå at det lages en kort miljøtunnel i nærheten av bytte mellom GBR 18/3 og 19/1. Det vil føre til et godt sikkerhetstiltak. Den vil kunne løse mulige trafikkproblemer når dyr skal sendes over veien, og traktor og redskaper skal flyttes til den andre siden.

Vi ser at i den sørlige delen av Frøysnes, vil veien kunne innebære høye bratte skråninger mot lia. Da det er en del dyrket mark i dette området, kan det innebære problemer for gårdsdriften. Det må bli mulig å snu en traktor nederst mot veien ved at det bygges natursteinmurer i stedet for skråninger og lages en liten flate med sikring mot veien i bunnen av dyrket mark.

Sideterreng av veien må utformes slik at det ikke fører til unødig tap av jord. Eventuell vei som går ut av drift, må kunne tilbakeføres til dyrket mark, dersom den ikke vil bli brukt lokalt.

Matjord som må fjernes som følge av vegbygging, må gjenbrukes til dyrket mark på Frøysnes. Det er viktig at gårdsbrukene på Frøysnes opprettholder sin produksjonsevne, derfor må tapt jord erstattes med nydyrking.

Vi håper at det skal være mulig å bygge en trafiksikker vei samtidig som bygdas verdifulle kultur- og jordbruksverdier kan tas vare på.

Søgne 17. desember 2023.

Med hilsen

JORDVERN AGDER

Gunnar Hangeland

leder

Fra: "Knut Olav Frøysnes" <kofroysnes@gmail.com>
Sendt: fredag 5. januar 2024 23:02:26
Til: "Firmapost" <Firmapost@vegvesen.no>
Kopi: "Jon Olav Upsal" <jon.olav.upsal@vegvesen.no>
Emne: Ref: Rv. 9 Frøysnes, reguleringsplan
Vedlegg: Innspel til planarbeid Rv. 9 Frøysnes.pdf, Kartsamling.pdf

Vedlagt følger innspel til planarbeid Rv. 9 Frøysnes frå grunneigarane på Frøysnes.
Det består av eit tekstdokument og ei kartsamling

Helsing

Knut Olav Frøysnes

Statens Vegvesen
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 Lillehammer

firmapost@vegvesen.no.
jon.olav.upsal@vegvesen.no

Ref: Rv. 9 Frøysnes, reguleringsplan

Innspel til planarbeid Rv. 9 Frøysnes

Frøysnes har eit unikt kulturlandskap der all dyrka jord og beite er i aktiv bruk med sau og storfe. Kulturlandskapet strekker seg frå oppe i lia og heilt ned til Åraksfjorden. Landbruket i bygda har lange tradisjonar. Det er fleire funn tilbake til første del av yngre jernalder (550-1050). I bygda er det fleire gamle terrasser og steingjerde. Bispehagen sin historie går mogleg tilbake til før reformasjonen. Nedgardstunet er frå 1600 og 1700 talet, og er i dag busett av yngste generasjon på garden.

Nordigarsknausen skjermar bygda og er medverkande til gunstig klima som mellom anna gjer at det veks varmekjære artar slik som hassel og eik. Strandlinja til Åraksfjorden er dominert av Lundarhalsen med bukter både nord og sør for denne. I buktene og rundt Lundarhalsen er det rikt fugleliv med mellom andre fleire artar andefuglar som livnærer seg der. I lia har gaupa faste ruter rett ovanfor busetnaden.

Planlegging av ny veg må ta spesielt omsyn til det unike kulturlandskapet og naturkvalitetane, og ikkje minst den aktive landbruksdrifta og bumiljøet til dei som held liv i bygda.

Plassering og utforming av ny veg

Syner til avtale med fleire grunneigarar, Statens Vegvesen og Bygland kommune:

I den nordlege delen av Frøysnes vil det bli planlagt ny veg med fartsgrense 60km/t.

Løysinga med 60km/t nord i bygda og etterfylgjande avtale kom i stand etter synfaring 03.06.2022 med grunneigarane frå både sør og nord, Statens Vegvesen v/Stein Roger Nilsen og Bygland kommune v/Ordførar og PMR-leiar. Eigarane av eigedomar nord i bygda var informert om avtalen og var samde i dette. Dette var både Statens Vegvesen og Ordførar/Kommunestyret i Bygland orientert om. Grunneigarane i nord stadfester med dette at dei har slutta seg til at vegen skal planleggast med fartsgrense på 60km/t nord i bygda slik som avtalt.

Syner til presentasjon på informasjonsmøte 23.11.2023, der det vart synt alternativ «midt i», «mot fjorden» og «mot lia». Alle alternativa var dimensjonert for 80km/t. Syner vidare til e-post frå Statens Vegvesen v/Jon Olav Upsal 27.11.2023:

«Rv9 Frøysnes - Kart med linje som viser 60 km/t i nordre del av bygda».

Kartet syner ei linje der det er lagt inn minimums kurvatur (dvs horisontal radius på $r=125$) i nordre del av bygda, med utgangspunkt i alternativet «midt i».

I nordre del av bygda er einaste akseptable alternativ for å vareta; landbruk, kulturlandskap, naturkvalitetar og bumiljø, ein reguleringsplan som er basert på alternativ «midt i» med avtalte 60km/t og minimums kurvatur. Det må ikkje gjerast store inngrep i Nordigarsknausen. I den sørlege delen av bygda vil det og bli ei betre løysing om vegen kan planleggast med fartsgrense 60km/t og minimums kurvatur.

Veg og sideterreng må planleggast på ein slik måte at det medfører minst mogleg tap av jordbruksareal, minst mogleg ulemper for jord og skogbruk samt i størst mogleg grad bevarer bygdas kulturlandskap, naturkvalitetar og bumiljø. Sideterreng kan gjerast om til fulldyrka jord der vegen grenser til dette. Det kan og nyttast autovern og eventuelt natursteinmurar for å redusere behovet for sideterreng. Det er viktig at det vert tilrettelagt for at jord- og skogbruksareal i lia framleis kan nyttast. Arealet må vere sikra mot vegen slik at det er tilgang til botnen av arealet med traktor. I området mellom eigedomane 19/1 og 18/3 må det sikrast kryssing av vegen for traktor og dyr med til dømes miljøttunnel, bru eller undergang. Nord for uthuset på 18/3 må det vere undergang for dyr.

Det er liten plass i bygda. Det å behalde den eksisterande vegen samstundes som det vert bygd ny veg vil føre til at store areal går tapt. Generelt bed ein om at ny veg må få same trase som den gamle vegen, eller så nær denne som mogleg. Unntaket er forbi 18/4, 19/4, 18/10, 18/7 og 19/5, der vegen bør kome meir mot vest utan at det medfører store inngrep/skjeringar. Eventuell internveg for desse eigedomane bør senkast til før 1930 nivå slik at den passer betre til skulehus og avkøyring på 19/4 og bustadhus og avkøyring på 18/4. Internvegen kan ende i dyrka mark sør for dette. Mellom ny veg og eventuell internveg bør det settast opp fysiske tiltak for å skjerme busetnaden for støy.

Dei delane av eksisterande veg som ikkje vil bli nytta som veg eller er ynskja av grunneigarane må gjerast om til jordbruksareal, fortrinnsvis fulldyrka jord. Alt tap av dyrka jord som fylgje av ny veg og tiltak rundt denne må erstattast med nydyrking andre stader i bygda.

Ny veg vil truleg medføre at nokre bygningar må flyttast / erstattast. For at desse skal kunne settast opp igjen andre stader i bygda er det krav om geologiske undersøkingar i forhold til ras og skred m.m. Ein ber om at geologiske undersøkingar i.f.m. reguleringsplanen vert gjort på ein slik måte at desse og kan leggst til grunn for handsaming av byggesøknader for bustader og andre bygningar på Frøysnes.

Reguleringsplanen må ta omsyn til fylgjande objekt/område:

Objekta/områda er merka omtrentleg på vedlagte kart. Listene over objekt/område er ikkje uttømande. Det kan kome til nye avhengig av planlegginga.

Avkøyringar:

Avkøyringar er viktige for bruk av bygningar, dyrka jord, beite, skog m.m. I tillegg til dei avkøyringane som er teikna inn på kartet er det fleire både sør og nord for kartet. Grunneigarane kan påvise desse på ei synfaring. Reguleringsplanen må ta omsyn til alle avkøyringane (og dei som er fjerna av Statens Vegvesen i 2012 utan søknad og plan) og sikre at desse framleis er tilgjengelege, eventuelt så må det byggast nye.

- AK01 Avkøyring til fulldyrka jord
- AK02 Avkøyring til bustadhus
- AK03 Avkøyring til fulldyrka jord
- AK04 Avkøyring til driftsbygning og opplagsplass for tømmer, landbruksmaskiner m.m.
- AK05 Avkøyring til bustadhus driftsbygningar

- AK06 Avkøyring til bustadhus driftsbygningar og fulldyrka jord
- AK07 Avkøyring til driftsbygning
- AK08 Avkøyring til fulldyrka jord
- AK09 Avkøyring til bustadhus og driftsbygning
- AK10 Avkøyring til fulldyrka jord, beite og parkering til fritidsbustad
- AK11 Avkøyring til bustadhus og driftsbygning
- AK12 Avkøyring til bustadhus
Fjerna av Statens Vegvesen i 2012, utan søknad eller plan
- AK13 Avkøyring til opplagsplass for tømmer og skogsområde
Avkøyring til bustadhus som skal rivast
- AK14 Avkøyring til fulldyrka jord
Fjerna av Statens Vegvesen i 2012, utan søknad eller plan
- AK15 Avkøyring/gangveg til fulldyrka jord
Fjerna av Statens Vegvesen i 2012, utan søknad eller plan
- AK16 Avkøyring til fulldyrka jord
Fjerna av Statens Vegvesen i 2012, utan søknad eller plan
- AK17 Avkøyring (med lomme for tømmerbil)
til fulldyrka jord, traktorveg og opplagsplass for tømmer, landbruksmaskiner m.m.
- AK18 Avkøyring til bustadhus
(og fulldyrka jord etter mellombels løyve frå eigar av bustadhus)
- AK19 Avkøyring til bustadhus og fritidsbustad
- AK20 Avkøyring til garasje og fulldyrka jord og beite
- AK21 Avkøyring til strand/båtplass for bustadhus og beite.
- AK22 Avkøyring til bustadhus og fulldyrka jord
- AK23 Avkøyring til fulldyrka jord
- AK24 Avkøyring til fulldyrka jord / beite
- AK25 Avkøyring til traktorveg og opplagsplass for tømmer

Bekkar (overvatn og drenering)

Ein del bekkar, både opne og lukka, er merka på kartet med BE der dei kryssar eksisterande veg i stikkrenner. Det er truleg fleire enn dei som er merka. Dei kan vere synlege ved synfaring til våren, men dei kan og vere heilt usynlege. Til dømes gamle steindike som går samanhengande vest for vegen, under vegen og vidare aust for vegen. Nesten alle bekkar er lagt i røyr eller steindike aust for vegen. Desse er knyt saman med omfattande drenering med nyare røyr og eldre steindike. Det er og ein del bekkar i røyr og drenering vest for vegen.

Ny veg vil medføre meir overvatn frå veg, grøfter, og sideterreng. Det er og fare for endring av eksisterande vassvegar. Reguleringsplanen må ta omsyn til overvatn, kvar enkelt bekk og drenering. Det må sikrast at alt vatn vert leia inn i røyr eller opne bekkeløp som går ned til fjorden. Det må sikrast at desse har tilstrekkeleg kapasitet til den endra situasjonen. Det må ikkje etablerast nye opne bekkeløp.

Brønnar

Der er mange brønnar på Frøysnes, både i lausmasse og i fjell, med tilhøyrande vassrøyr. Det er problem med å lage brønnar med god vasskvalitet på Frøysnes. Fjellbrønnar har høgt nivå av kalk og fluor. Problemet er størst sør i bygda. Vatnet kan heller ikkje reinsast med "avherdingsfilter" p.g.a. dette fører til for mykje natrium i vatnet. Lausmassebrønnar vest for eksisterande veg har den beste vasskvaliteten.

Ny veg kan skade alle brønner som er aust for ny veg og brønner i nærleiken vest for ny veg. Ny veg vil truleg kome i konflikt med vassrør. Reguleringsplanen må ta omsyn til brønner og vassrør. Dersom brønner og/eller vassrør vil bli skadelidande, må det i god tid før bygging etablerast nye lausmassebrønner vest for veg, og/eller det må leggast frostfrie vassrør.

- BR01 Borebrønn i fjell. Forsyner hus på 18/1.
- BR02 Borebrønn i fjell. Forsyner to hus og driftsbygning på 18/3, problem med kalk.
Vassleidning går under eksisterande veg
- BR03 Eldre reserverbrønn i lausmasse for 18/3.
- BR04 Lausmassebrønn med betongringer. Forsyner hus på 19/1. Bra kvalitet og stor kapasitet.
- BR05 Lausmassebrønn. Forsyner hytte på 19/3
- BR06 Lausmassebrønn, litt ned i fjell, med betongringer. Forsyner 19/2 og 19/5.
Massebyttet i område rundt for å auke kapasiteten. Bra kvalitet og stor kapasitet. Eldre reservebrønn i lausmasse rett ved. Stor fare for å "punktere" magasin og vassåre ved graving og sprenging i området. Vassleidning går under eksisterande veg. Statens Vegvesen la om denne i 2012, og har ansvaret for denne p.g.a. feil ved legging.
- BR07 Borebrønn i fjell. Forsyner 18/9 og 18/7. Problem med mykje kalk.
- BR08 Eldre reserverbrønn i lausmasse for 18/9 og 18/7.
- BR09 Borebrønn i lausmasse. Forsyner 19/4. Ein del kalk, men ikkje «aktiv» som fører til problem.
- BR10 Borebrønn i fjell. Stengt p.g.a. ekstremt mye kalk som er aktiv.
- BR11 Lausmassebrønn. Forsyner 18/4.
Naturleg oppkome rett vest for denne i kulvert frå vegen som var før 1930.
- BR12 Naturleg oppkome/brønn. Forsyner 18/8.

Avløpsanlegg

Der er fleire avløpsanlegg og tilhøyrande avløpsrør på Frøysnes. Ny veg vil truleg kome i konflikt med desse. Reguleringsplanen må ta omsyn til avløpsanlegg og avløpsrør. Dersom avløpsanlegg vil bli skadelidande, må det i god tid før bygging etablerast nye avløpsanlegg og/eller avløpsrør.

- AV01 Slamavskiller for hus på 18/1.
- AV02 Infiltrasjon for hus på 18/1
- AV03 Slamavskiller for hus (Høgtun) på 18/3
- AV04 Sandfilter for hus (Høgtun) på 18/3
- AV05 Slamavskiller for hus (Nedgarden) på 18/3
- AV06 Infiltrasjon for hus (Nedgarden) på 18/3
- AV07 Slamavskiller for hus på 19/1
- AV08 Infiltrasjon for hus på 19/1
- AV09 Slamavskiller og infiltrasjon for hus på 18/9
- AV10 Slamavskiller og infiltrasjon for hus på 18/7

Traktorveg

Det er fleire traktorveg (driftsveg) for drift av skog på Frøysnes. Dei fleste er bygd på 80 talet. Nokon er i jamleg bruk, medan andre skal brukast når skogen skal hoggast igjen. I tillegg til dei traktorvegane som er merka på karte med TR, er det fleire både sør og nord for kartet. Grunneigarane kan påvise desse på ei synfaring. Reguleringsplanen må ta omsyn til alle traktorvegane og sikre at desse framleis er tilgjengelege, eventuelt så må det byggast nye.

Opplagsplassar

I samband med traktorveggar (driftsveggar) er det fleire opplagsplassar for tømmer på Frøysnes. Ein av dei er brukt til riggplass for taubanedrift. Fleire av opplagsplassane vert og brukt til opplag av landbruksmaskiner, vedproduksjon m.m. I tillegg til dei opplagsplassane som er merka på karte med OP, er det fleire både sør og nord for kartet. Grunneigarane kan påvise desse på ei synfaring. Reguleringsplanen må ta omsyn til alle opplagsplassar for å sikre at desse framleis er tilgjengelege, eventuelt så må det byggast nye.

Jordbruksareal

Jordbruksareal er merka på kart frå før med AR5 som syner arealtypene fulldyrka jord, overflatedyrka jord og innmarksbeite. Ein del av arealet som er merket som overflatedyrka jord og innmarksbeite er klassifisert feil. Dette er i realiteten fulldyrka jord. Desse områda er merka på kartet med FD. Reguleringsplanen må ta omsyn til all dyrka jord. Tap av dyrka jord må erstattast med nydyrking andre stader i bygda.

Fôringsplassar

Det er fleire fôringsplassar for husdyr i lia, vest for den eksisterande vegen. Desse er flate og enkelt tilgjengelege med traktor. Dei er viktige for å kunne nytte beite. Fôringsplassane er merka på kartet med FP. Reguleringsplanen må ta omsyn til fôringsplassane. Dersom nokon av desse vert øydelagde av ny veg, må dei erstattast med nye.

Kulturminne

Det er mange gamle steingjerde, terrasser og andre kulturminne i kulturlandskapet på Frøysnes. Nokre av dei er merka på kartet. Grunneigarane kan påvise fleire for dei områda som er aktuelle. Reguleringsplanen må ta omsyn til alle kulturminna.

- KM01 Terrassering
- KM02 Steingjerde
- KM03 Bispehagen. Terrasering med høg natursteinmur
- KM04 Steingjerde
- KM05 Steingjerde
- KM06 Grisehagen, med steingjerde, steinsett bekkeløp og terrasser rett nordanfor.
- KM07 Steingjerde
- KM08 Steingjerder
- KM09 Steingjerde

Sør for kartet:

- Den gamle vegen over Toptenes
- Den gamle vegen rundt Toptenes
- Frøysnes brygge og vegen ned til denne er rett sør for bygda.

Bygningar

Bygningar er merka på kartet frå før. Reguleringsplanen må ta omsyn til at alle eksisterande bygningar skal kunne brukast fullt ut utan nye ulemper. Dersom bygningar må fjernast må desse flyttast til ny plassering eller det må settast opp erstatningsbygning. Plassering av desse bygningane må vere ein del av reguleringsplanen og vere sikra i høve til ras m.m.

Statens Vegvesen sitt tiltak på Frøysnes frå 2012.

Reguleringsplanen må utarbeidast som om Statens Vegvesen sitt tiltaket frå 2012 med utviding av veg og bygging av fortau ikkje har vore utført. Tiltaket frå 2012 hadde ikkje godkjent plan eller byggesøknad, og har heller ikkje fått godkjenning i ettertid. Dei delar av tiltaket frå 2012, som ikkje har konkret nytte, og elles ikkje ville bli bygd i forbindelse med ny veg, må tilbakeførast.

Planstatus for ny RV9 gjennom Frøysnes.

Ein gjer merksam på at gjeldande kommunedelplanar som omhandlar ny RV9 gjennom Frøysnes framleis er gjeldande. Dei er formelt ikkje oppheva etter plan og bygningslova.

Helsing

Øystein Frøysnes og Johans Frøysnes
Eigar av / odelsgut til 18/1, 18/3 og 15/5

Kjell Øyvind Berg
Eigar av 19/1

Knut Olav Frøysnes
Eigar av 19/2, 19/3, 19/4 og 18/8

Torbjørn O. Frøysnes
Eigar av 19/5

Vidar Frøysnes
For Halvard Frøysnes, eigar av 18/10

Olav Viki
Eigar av 18/7

Rune Greibesland
Eigar av 18/4


Vedlegg:
- Kartsamling

Avkøyringar







Brønnar



Avløpsanlegg



- Traktorvegar
- Opplagsplassar
- Jordbruksareal
- Foringsplassar
- Kulturminne





STATENS VEGVESEN

Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Saksbehandlar, innvalstelefon

Gunhild Austjord, 37 01 75 76

Svar på tilleggskunngjering - reguleringsplan Rv 9 Frøysnes - Bygland planID 202301

Statsforvaltaren i Agder har ikkje innspel til tilleggskunngjeringa av planarbeidet for Rv 9 ved Frøysnes i Bygland.

Med helsing

Gunhild Austjord
seksjonsleder

Dokumentet er elektronisk godkjent



AGDER
fylkeskommune

STATENS VEGVESEN
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Dato: 27.06.2024
Vår ref: 23/24651-14
Dykkar ref: 21-139102-70
Saksbeh.: Silje Utne Bjørke

Bygland kommune - Fråsegn til tilleggskunngjering for utviding av planområde - reguleringsplan for Rv. 9 Frøysnes

Syner til oversending frå 17.06.24.

Det ble tidlegare i brev frå 27.10.23 varsla oppstart av planarbeid for reguleringsplan for rv.9 Frøysnes. Fylkeskommunen uttalte seg i brev frå 06.12.23. Det er nå varsla ein utviding av planområdet i sør med ca. 300 meter. Bakgrunnen for utvidinga er å mogleggjere å leggje til rette for mjukt sideterreng og vurdering av rassikring ved «Staven».

Fylkeskommunedirektøren har følgande merknader til utvidinga av planområdet:

Arkeologi

Utvidinga av planområdet er ikkje tidlegare arkeologisk registrert, og det er behov for ein arkeologisk registrering også at dette område for å avklare forholdet til automatisk freda kulturminne, jf. Undersøkingssplikta etter kulturminnelova § 9. Vi syner til tidlegare dialog via e-post og teams-møte. Sjå vedlagt tilleggsbudsjett på den arkeologiske registreringa og akseptskjema. Kontaktperson er arkeolog Hege Andreassen, Hege.Andreassen@agderfk.no.

Utover dette syner fylkeskommunen til våre tidlegare innspel i brevet frå desember 2023.

Med helsing

Ingvild Nina Skjong
Avdelingsleder
Plan

Silje Utne Bjørke
Rådgiver
Plan

Brevet er godkjend elektronisk.

Besøksadresse:
Tordenskjolds gate 65 4614
KRISTIANSAND S
Postadresse:
Postboks 788 Stoa, 4809 Arendal

Telefon:
+47 38 05 00 00
E-post:
postmottak@agderfk.no

Org.nr.:
921 707 134
Nettstad:
www.agderfk.no

Kopi til: BYGLAND KOMMUNE
STATSFORVALTEREN I AGDER